

wertho  
av Goethe

NB Rana  
Depotbiblioteket



# W E R T H E R                    a v                    J O H A N N

Omsetjing:            OLA E. BØ  
Dramatisering:    JAN GRØNLI/  
                             HALLVARD HOLMEN  
Musikk:                ARNE NØST/  
                             MARTIN HORNTVETH

Instruktør:            JAN GRØNLI  
Scenograf:            ARNE NØST

Werther: HALLVARD HOLMEN

Musikarar:  
Saksofon, song, klaver og div. tape:  
ARNE NØST  
Trommer, programmering og div. tape:  
MARTIN HORNTVETH





# O L F G A N G V O N G O E T H E

anspisient  
laske  
yd  
yssetjar  
ysmeistrar  
uffler  
cenekoordinatorar  
ostyme Koordinatorar  
cenografiassistent

Krzysztof Seliga  
Marit Framstad  
Jostein Reistad  
Ole Randers  
Pelle Dengso/  
Per Willy Johansen  
Gry Espenes  
Trine Jenssen/Birger Kingsrød  
Kirsten Høidal  
Kyrre Heldal Karlsen

Foto: Fin Serck-Hanssen

Première 2. november 2001 på Scene 2

Programredaksjon: Jan Granli, Arne Nøst,  
Ida Michaelsen, Signe Bjørvik  
Grafisk formgjevar: Knut-Jarle Hvitmyhr  
Trykk: Falch AS










Eg dansa med henne!








Kvifor akkurat meg?








Faen ta dei!









# DEN UNGE WERTHERS LIDINGAR

## Brev og dagboksroman av Johann Wolfgang von Goethe frå 1774.

*«Det er eit meisterverk der medrivande kjensler og tidleg moden kunsterfaring blandar seg på ein måte som saknar sidestykke. Temaet er ungdom og geni, og av ungdom og geni er det fødd»*

Thomas Mann

Goethe gir oss sjølv eit kort og fyndig innhaldsreferat; «Ei fortelling der eg skildrar eit ungt menneske, som med djupe og reine kjensler og sann innleving, fortaper seg i svermeriske draumar, grev seg ned i spekulasjonar, øydelegg seg på stadig meir ulukkelege lidenskarar - særleg ei endelaus kjærleikshistorie - og til sist skyt seg ei kule for panna.»

Men kvifor ein svermar som Werther i 2001? Hadde det vore på 70-talet med flagrande hår, fredspiper, flowerpower, maidagar i Paris, Jim Morrison og Janis Joplin i friskt minne kunne ein kanskje forstått det.

Kva har denne fridomselskande, sentimentale kjærleiksberserkeren å stille opp mot vår velfødde dyrking av etterløn og toppskatt. Kan denne opprøraren bli noko anna enn ein pompøs narr for merkevare-korrekte ironikarar?

### Kultroman

*Werther* vart på kort tid ein kultroman, særleg blant unge menneske som gjorde opprør mot tidsånda, konformiteten i den klassiske danninga og ei overdriven fornuftsdyrking. Opp mot dette set den unge

Goethe, og dei andre diktarane i den førromantiske Sturm und Drang-perioden, det frie, spontane kjenslevare, livsnyttande, naturelskande, geniale og naturlege mennesket som òg er open for dei mystiske. Boka blir rekna som både eit varsel om og ein pådrivar til den franske revolusjonen eit godt tiår seinare, inspirert som boka er av Frankrikes eigen diktarfilosof Rousseau. Boka vart omsett, lesen og dyrka på grensa til det hysteriske over store deler av verda. I eit seinare dikt skriv Goethe at «til og med kinesarane målar Werther og Lotte med varleg hand på glas». Boka kom ganske snar og så til Noreg. Goethe-gjendiktaren Åse Marie Nesse fortel at ho på baroniet i Rosendal fann ei vakkert illustrert utgåve av Werther frå 1775, året etter førsteutgåva.

Mange gjekk langt over grensa i si Wertherdyrking og følgde den folsame og spontane romanfiguren heilt inn i døden. Goethe hadde sjølv, som heilt ung diktar, bala med sjølvordstankar, og dødslengsel som lengsel mot *den evige fridom* var på ein måte ein del av heile kjensleopprøret. Men, som den tyske forfattaren Thomas Mann skriv, «(...) nett den skapargåva som er støttestaven hans og lokkar han (Goethe) vidare på livsvegen, gjer han (...) til ein livskunstnar. Goethe tok ikkje sitt eige liv, fordi han hadde *Werther* som måtte skrivast – og endå litt til».

### Sjølvbiografisk

Den unge dikteren Goethe, som med denne berykta og berømte romanen, skreiv seg rett inn i verdslitteraturen, er 24 år og nyutdanna jurist. Romanen er på mange måtar eit formeksperiment, dagsette brev til vennen Wilhelm frå 4. mai 1771 til ut i desember 1772, og utfyllande kommentarar frå ein tenkt forleggjar til usende brev og notatar. Goethe

mentar stoff frå eit ulukkeleg kjærleiksforhold medan han var *dommarfullmektig* i den vesle Rhinlandsbyen Wetzlar. Han forandra ikkje ein gong namnet på sin stormande lidenskap, Werthers Lotte i romanen var Goethes Charlotte Buff, ei trulova, ung embetsmannsdotter frå Wetzlar.

I innleiinga til romanen skriv Goethe, «alt det eg har klart å finne ut om livet til stakkars Werther har eg omhyggeleg samla saman og legg det no fram for dykk, og eg veit at de vil takke meg for det.

De kan ikkje anna enn å elske og beundre hans ånd og hans karakter, og heller ikkje la vera å felle tårer over lågnaden hans.

Og du som kjenner den same naud som han og finn trøyst i lidinga hans, la denne vesle boka bli din ven, dersom ikkje lukka vil det slik at du finn nokon nærare.»

Kjærleik, groove og død.

I 1999, til 250 års-markeringa av Goethes fødsel, kom det ut ei praktutgåve av *Werther* på Den Norske Bokklubben, ei nytgjeving av Liv Holmboes omsetjing frå 1973. Boka er rikt illustrert av biletkunstnaren Arne Nøst, og dette arbeidet gav han idéen til vår framsyning.


Under prøvene på *Bøddelen* av Pär Lagerkvist der Nøst hadde scenografien, (regi Yngve Sundvor 2000) fann han entusiastiske samarbeidspartnarar. Idéen var frekt og enkelt å gjera klassikaren om til ein scenemonolog. Visstnok skal Goethe sjølv ha prøvd å skrive *Werther* som drama, men synst ikkje han lukkast, så tanken var kanskje ikkje heilt iørnska. Hallvard Holmen i dialog med to musistar, Arne Nøst sjølv og perkusjonisten Martin Horntveth som improviserande komponistar. Bøddelen, Jan

Grønli, skulle no vera fødselshjelpar. Nøst forsikra teatersjefen om at han skulle lage eit enkelt scenerom, Gud veit kva den mannen meiner med enkelt, og undertekna vart overtalt til å grava seg ned i originalteksten og koma opp med ein uvøren og moderne nynorsk. I eit slikt halslaust prosjekt er den einaste utvegen audmjuk mangel på respekt. Grønli og Holmen har lese seg fram til ein sterkt nedkorta gang gjennom forteljinga, kasta om, klypt og limt slik berre ein verkeleg klassikar toler det, og vi andre har kome med våre kommentarar og innspel.

Prøveperioden har snart vart eit år, scenografiske utkast, trommemaskiner, instrument og elektronisk utstyr er blitt rigga opp og ned innimellom prøver, permisjonar, konsertturnear og andre forestillingar. Tekst, framføring og musikk er fletta saman, prøvd ut, forkasta og prøvd på nytt. I sommar, under Jazzfestivalen i Molde, vart *Werther* framført for første gong, enno ikkje ferdig og produsert med eit skippertak, men reaksjonane og vibrasjonane var svært oppmuntrande.

Så spørst det da om teksten er like aktuell som for over 200 år sidan, slik vi kunne lesa det i ein tysk forlagsreklame. Finst det også i dag ei kjensle av djupe kløfter mellom menneske og natur, mellom individ og samfunn som det er verdt å reflektere over? Er vi blitt så overflatiske og materielt forstokka at vi ikkje kan ta inn over oss smerta i eit ungt søkande sinn? Men eit forvirra, ungdommeleg sjølv mord på kjærleikens altar, det når vel ikkje opp når direktesende masse mord flyt saman med virtual reality?

Ola E. Bø.



**HÅVARD HOLMEN** er utdanna frå Statens Teaterhøgskole i 1991. Tilsett ved Rogaland Teater (91-94) der han gjorde fleire større roller, m.a. tittelrolla i *Baal* av Brecht og tittelrolla i *Brand* av Ibsen. Han gjesta Nationaltheatret i 1998 der han spelte tittelrolla i *Huslæreren* av Lenz. Tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1995. Her har han spelt store roller som m.a. Wilhelm i *The Black Rider* av Waits, Burroughs og Wilson, Galge Lasse i *Bøddelen* av Lagerkvist og Mercutio i Shakespeares *Romeo og Julie*. I tillegg har han gjort diverse fjernsyns- og filmroller i Noreg, Sverige og England.



**ARNE NØST** har sidan han gjekk ut frå Statens Kunstakademi i Oslo i 1986 arbeidd som teiknar, skulptør, scenograf og musikar. Han har delteke i ei rad ulike kunst- og teaterprosjekt – på Det Norske Teatret som komponist for *Blomar av det sjuke* (1992), som scenograf for *Bøddelen* (2000) og no som initiativtakar, komponist, scenograf og musikar for Werther. Arne Nøst laga bileta i Den Norske Bokklubbens praktutgåve av *Unge Werthers lidelser* i 1999.



01 sol 31034



MARTIN HORNTVETH har skrivt musikk for teater, tv, revy, film og dans. Han har arbeidd som musikar og medkomponist i m.a. *Sult* (1998) på Nationaltheatret og *Bøddelen* (2000) på Det Norske Teatret. Martin Horntveth spelar trommer i Jaga Jazzist.



JAN GRØNLI debuterte som skodespelar i 1971. Han kom til Det Norske Teatret i 1991. Blant dei viktigaste rollene kan ein nemne Oidipus, Macbeth, Hamlet, Peer Gynt, Hitler og Bøddelen. Tidlegare regioppgåver er *Forestillingen om Gud* og *Skulle det dukke opp flere lik er det bare å ringe* – som han sette opp ved Rogaland Teater.

Depotbiblioteket



01sd 31 034

Velkomst og avskj

Mitt hjarta slo; i salen snarleg!  
Knappt tenkt, så bar det i galopp,  
mens kvelden voggja jorda varleg,  
og natta hang på bergetopp.  
I tåkedrakt stod eiketreet,  
ein tårnhøg rise, nifs og rar,  
og mørket stirra fram der nede  
med hundre svarte augnepar.

Bak sky som anga over enger  
tok månen, klagande, ein titt.  
Og vinden svinga mjuke venger,  
eit skremmebrus om øyra mitt.  
Med natta følgde tusen fårer,  
men friskt og freidig var mitt mot.  
Å, for ein eld i mine årer!  
Å, for ein glød i hjarterot!

Deg såg eg, og mild glede fløynde  
frå dine varme blick til meg.  
Alt anna nå mitt hjarta gløynde,  
kvart andedraget var for deg.  
Eit værvær la sitt roseskimmer  
omkring ditt andlet, vårt og vent.  
Og ømme ord til meg – å himmell!  
Eg vona, men så ufortent!

Men akk! I første morgonskinet  
brest hjarta mot vår avskjilstund.  
Å, for ei sorg i augo dine!  
Å, sæle kyssar frå din munn!  
Eg gjekk, du stod og såg mot jorda.  
Og blikket ditt var tårematt.  
Å, gudar, her er lykkeorda:  
Å elske – og bli elska att!

Johann Wolfgang von Goethe Hætta frå Mitt hjarta slo. Tysk originaltekst.  
Ueval og gendiktning ved Åse-Marie Nesse Aschehoug 1995.

det norske teatret